



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 22.11.2016

Sak nr.: 16/8216-4

Internt l.nr. 39845/16

Sak: 49/16

Tittel: Søknad om fleire avgangar - Fjord 2

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fjord2 AS får auke tal avgangar med ein frå Kaupanger kl. 10.30 og frå Gudvangen kl. 13.30 i perioden 15. juli til 10. august.
- 2 Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiene på dei klokkesletta dei søkjer om ruteløyve på.
- 3 Dei nye avgangane vert lagt til på eksisterande ruteløyve.

Endringsframlegg:

MDG sette fram slikt tillegg:

Det blir teke atterhald om krav til utsleppsreduksjonar for klimagassar i konsesjonsperioden

Avrøysting:

Endringsframlegget fekk ei røyst frå Stein Malkenes MDG og fall.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Fjord2 AS får auke tal avgangar med ein frå Kaupanger kl. 10.30 og frå Gudvangen kl. 13.30 i perioden 15. juli til 10. august.
- 2 Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiene på dei klokkesletta dei søkjer om ruteløyve på.
- 3 Dei nye avgangane vert lagt til på eksisterande ruteløyve.